



1-7-2008

FRÅ 1. JULI STÅR DET SKYSS PÅ BUSSEN DIN I SUNNHORDLAND!

Frå 1.juli har Skyss ansvaret for bussdrifta i kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Sveio. Frå 1. juli står det derfor Skyss på bussane i Sunnhordland.

Skyss er også i gang med innføring av eit nytt billettsystem i heile fylket. Som ein del av det nye billettsystemet innfører vi Skysskortet. Frå 1. juli kan kundar bruke Skysskortet på alle busstruter i kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Sveio.

OM SKYSS

Skyss er etablert av Hordaland fylkeskommune for å administrere innkjøp av transporttenester. Det er Skyss som har ansvar for å hente inn anbod og å tildele kontraktar. Dette inkluderer ansvar for ruteplanlegging og utarbeiding av rutetilbodet, takstar og rabattar, sal og billettering, drift, kundeservice, marknadsføring og informasjon mot kundane. Alle bussene i fylket vil få lik Skyssdekor. Skyss får etter kvart ansvar for busstrafikken i heile fylket. Skyss starta 1. januar i år med Austevoll som pilotkommune.

KVEN KØYRER BUSSANE I SUNNHORDLAND

Etter ein anbodskonkurransen fekk Concordia Bus Norge AS kontrakt for å køyra busstruteproduksjonen i kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Sveio. Avtalen varer til 2015.

NYE BUSSAR

Gjennom avtalen med Concordia har Skyss sikra at kundane vil møte nytt bussmateriell i Sunnhordland. Totalt vil det vere omlag 44 bussar i trafikk i Sunnhordland; 35 av desse vil vere heilt nye bussar frå fabrikk:

- Dei nye bussane tilfredstiller avgasskrav Euro V (lavt utslipp av CO2 og NOX)
- Dei nye bussane representerer eit løft i standard for bussbrukarane i Sunnhordland
- Bussane i området rundt Leirvik vil vere såkalla laventre-bussar. Desse bussane vil ha lett og god tilgang for alle; også kundar med barnevogn rullestolbrukarar vil ha enkel tilgang til desse bussane

Dei bussane som ikkje er levert nye frå fabrikk vil vere lite ute i trafikk samanlikna med dei nye bussane.

RUTETILBODET I SUNNHORDLAND

Utgangspunktet for rutetilbodet i kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Sveio frå 1. juli er rutetilbodet som har eksistert fram til denne datoen. Det er gjennomført nokre mindre justeringar i deler av tilbodet som for eksempel:

- Ruter er slått saman i området rundt Leirvik
 - Gamle linje 673 og 677 er slått saman til ny linje 673
 - Gamle line 675 og 676 er slått saman til ny linje 676

Rutene i Sunnhordland kan ein laste ned frå skyss.no, eller hente rutehefte på bussane i Sunnhordland.

Skyss har sommarruter med redusert tilbod i perioden 1. juli til 15. august. Dette er også som tidligare. 16. august startar haustrutene med normalt tilbod.

I forkant av at bussruteproduksjonen i Sunnhordland vart konkurranseutsett inviterte Skyss alle kommunane i området til eit informasjons- og dialogmøte. Skyss følgde dette opp med å på nytt invitere alle kommunane i Sunnhordland til informasjons- og dialogmøte no i forkant av oppstarten 1. juli. Rutetilbodet var tema på begge desse møta.

Skyss vil i forkant av ruteendringar bruke fakta frå marknadsundersøkingar og dialog med kundar for å kunne gjennomføre og prioritere endringar.

SKYSSKORTET

Skysskortet vert innført frå 1. juli i Sunnhordland. Skysskortet erstattar alle gamle reisekort (Periodekort, Verdi-, Rabatt- og Ungdomskort) for bussreiser i Sunnhordland. Skysskortet skal etterkvart gjere det enklare å reise med kollektivtransport. Alle over 16 år skal i desse dagar ha fått tilsendt eit brev frå Skyss med meir informasjon og bestillingsskjema for Skysskortet. Skysskortet sendes ut til kundar etter kvart som Skyss mottar bestillingar på Skysskortet. Etter ein overgangsperiode er det berre Skysskortet som er gyldig busskort for bussreiser internt i Sunnhordland. Skysskortet er allereie innført for reiser i Austevoll.



Kundane kan framleis også kjøpe enkeltbilletter hos sjåfør utan Skysskortet.

Bruk av periodekort og Skysskortet inn og ut av Skyssområde

Kundane kan reise med både gamle Periodekort, Studentkort og Ungdomskort og Skysskortet med reiseproduktet PeriodeSkyss eller UngdomSkyss mellom område der Tide og Skyss har ansvaret. Kundane må hugse kvittering for kjøpt kort / reiseprodukt dersom dei beveger seg inn og ut av Skyssområde.

TAKSTAR

Alle generelle rabattordningar og priser gjelder som før 1. juli.

Kontaktperson:

Oddmund Sylta, direktør i Skyss: 93230401 / 55239394

Målfrid Vik Sønstabø, markedsjef i Skyss: 91653176 / 55239034